

Støttefunksjon

Kommunal og Regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

postmottak@krd.dep.no

Vår ref:
2007/1247431/2008/103

Dykkar ref:

Saksbehandlar
EGHA / 61217362
egil.haug@lom.kommune.no

Dato
31.01.2008

Høring-Sørheimutvalget-Inntektssystemet for kommunene uttale

Vi viser til avtale om uttalefrist 31.10.08 pr e-post. Uttala blir berre sendt som e-post.

Lom kommune handsama Sørheimutvalets sin innstilling i formannskapsmøte den 31.01.08.

Fyljande vedtak ble gjort:

” Behandling

Forslag frå formannskapet:

Som innstillinga med tillegg nytt punkt:

5. Lom kommune vil krevje at det blir utløyst ekstra inntekter til kommunar som har høg andel av sitt areal verna.

Postadresse
Midtgard
2686 Lom
E-post: post@lom.kommune.no

Besøksadresse
Midtgard

www.lom.kommune.no

Telefon
61217300
Telefaks
61217301

Bank
2085.07.00010
Org.nr
959377677

Forslaget frå formannskapet vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Lom kommune ser positivt på Sørheimutvalet sine hovedkonklusjonar.

1. Kommunen vil like vel trekkje fram følgjande:

- inntektsutjamninga må aukast frå 55 % til minst 70 % - 75 % og selskapsskatten blir avvikla som kommunal skatt.

2. Kommunen ser på omlegging av dei distriktpolitiske tiltaka som rett, men dette bør ha ein sterk fokus spesielt med tanke på dei utfordringane som mange kommunar slit med. Her kan nemnast nedgang i folketal, nedgang i talet på arbeidsplassar i primærnaringane, lite med kapital i privat næringsliv og lavt utdanningsnivå.

Utviklingspotensialet til mange av disse kommunane er stort, men slik Lom ser det, set kommunane sitt økonomiske handlingsrom ein del grenser for ei positiv utvikling. Av denne grunn bør det leggjast til rette for eit økonomisk handlingsrom som gjer det mogleg å vera offensiv for å møte utfordringane som er nemnde i dette punktet.

Innlandskommunane bør koma i ei særstilling i vurdering av dei distriktpolitiske tiltaka. Disse kommunane bør kunne få eit ekstra distriktpolitisk tilskot.

3. Det å ta i vare eit stort engasjement i lokaldemokratiet er ei viktig oppgåve. Det må vera samsvar mellom dei oppgåvene som kommene er pålagt og dei inntektsmoglegheitene dei har. Dette kan vera ein viktig føresetnad for eit godt fungerande lokaldemokrati. Dei lokale styremakter må få større fullmakt til å påverke kommunane sitt skattegrunnlag eller inntektsgrunnlag enn dei har i dag.
4. Ved berekning av innbyggjartilskot/utgiftsutjamning bør ein nytte folketal pr. 1.7 året før budsjettåret, slik at dette blir eit kjent beløp for budsjettet.
5. Lom kommune vil kreve at det blir utløyst ekstra inntekter til kommunar som har høg andel av sitt areal verna. ”

Med helsing

Egil Haug
Tenesteleiar Støttefunksjonen
(Eining for Informasjon, IKT, Personal, Servicetorg og Økonomi)